

**Fra:** Fylkesordførar (Fylkesordforar@hfk.no)

**Sendt:** 23.08.2018 23:29:45

**Til:** Morten Storebø

**Kopi:** ag.hestetun@gmail.com; Pål Kårbo; Silja Ekeland Bjørkly; Dokumentsenteret - Postmottak; Ingrid Kristine Holm Svendsen

**Emne:** Re: Ca. 32 pst. auka ferjetakstar med Autopass

**Vedlegg:** image001.png

Eg har allereie bede adm legge fram fakta for vidare oppfølging.

Eg ber deg om å konsekvent nytta fylkesordførarmailen samt kopi til postmottak.

Mvh

Anne Gine Hestetun

Fylkesordførar i Hordaland

23. aug. 2018 kl. 23:20 skrev Morten Storebø <[morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)>:

God kveld!

Eg oppfattar at det ikkje er heilt klart kva billettpisane blir på køyretøy når Autopass blir innført. Eg har laga ei oppstilling som tar for seg alle ferjesambanda i Hordaland. Det som er kjent er «omrekninga» mellom det eine til det hitt regulativet for dei to Austevoll-sambanda, og der takstsonane (høvesvis 14 og 9) er uendra.

Vedlagt rekneark bygg på at alle sambanda vil vere i same takstsone, slik som det er vore for Austevoll-sambanda.

Det er éi bompengesone, 210, som ikkje finst i autopassregulativet, og som gjeld to samband: Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes og Langevåg-Buavåg. Dette er truleg på grunn av at dette er «bompengesamband». Desse har eg derfor ikkje kunne omsette til autopaskt. Eg har heller ikkje funne nokon plass kva takstsone som Masfjorden-Duesund er i.

**Det statlege autopassregulativet legg opp til at passasjerar skal reise gratis. Legg me 2017 tal til grunn betyr det eit inntektsbortfall for i overkant av 4,5 millionar passasjerar. Som ein illustrasjon hadde Bybanen 12,6 millionar passasjerar i 2017 og billettinntekter på 145 millionar kroner i 2017 (s. 14 i årsrapporten).**

**Omlegging til Autopass betyr ei jamn auke i takstane for < 6,01 m køyretøy på 32 prosent. Auken vil skje i augeblikkeleg i dét Autopass blir innført.**

Til høgre i Excel-arket har eg laga ei oppstilling over kva det vil koste dagpendlarane. De kan endre talet i «arbeidsdagar», og det vil endre utrekningane nedanfor.

Det er to hovudgreier som er tydelege:

- **Dagpendlarar blir knallhard ramma – mellom 8.000 og 15.000 kroner ekstra i året.**
- **EL-bilistar går frå frå «passasjer liknande»-takstar, til vanleg «bil med rabatt»-takstar, og får i kroner og prosent ei avsindig auke i kostnadane sine.**

For øvrig: Eg gjekk ut av fylkestinget hausten 2013. Permisjonssøknaden min blei innvilga i desembertinget same år og eg har ikkje vore med å behandle saker som gjeld ferjeutboda.

Venleg helsing  
Morten Storebø

ordførar

<image001.png>

E-post: [morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Telefon: 55 08 10 00

<2018 08 23 Takst køyretøy 6 m - i dag og etter Autopass.xlsx>